




FRÅ ELDST TIL YNGST

Plan for overgang barnehage – skule i Fitjar kommune



FRÅ ELDST TIL YNGST

PLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE – SKULE I FITJAR KOMMUNE

Første skuledag er ein merkedag som barn og foreldre ser fram til med store forventningar.

Fitjar kommune har 5 barnehagar og tre skular som dei fleste barna i kommunen sokner til. For at alle barn skal få ein lik overgang og trygghet til skulen har Fitjar kommune laga ein rettleiar som sikrar at alle barn uansett tilknytning til barnehage eller ikkje, får ei lik oppfølging til skulestart. Og ei god ivaretaking av skulen.

Målsettinga er at rutine skal sikra at overgangen frå barnehage til skule ivareteke god sosial tilpassing til barna og styrka samanhengen og progresjon i læringsinnhaldet i barnehagen og skulen.

Styringsdokumenta for denne planen er:

1. Rammeplan for Barnehage
2. L-06 Kunnskapsløftet
3. St.melding 16 «..og ingen stod igjen»
4. Læringsplakaten

Gode rutinar er med på å sikre ein best mogleg overgang mellom barnehage og skule fordi:

- Det sikra lik praksis for alle skulestartarar i Fitjar kommune
- Rutinane byggjer på eksisterande planar på den enkelte barnehage / skule
- Innhald, tidspunkt og ansvarsfordeling kjem klart fram
- Godt samarbeid gjer økt bevisstgjerjing om kvarandre og bidrar til felles omgrepsforståing



Innholdsfortegnelse

Frå eldst til yngst	1
Plan for overgang barnehage – skule i Fitjar kommune	1
Styringsdokumenta seie..	3
årshjul samarbeid barnehage – skule	4
Førebu barnehagebarnet på skulestart	6
Vera elev og ikkje barnehagebarn	7
Barn med særlege behov	8
SKJEMA_Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn	9
Samarbeid med heimen	12
SKJEMA_Løyve til overføring av informasjon mellom barnehage og skule Feil! Bokmerke er ikke definert.	
SKJEMA_Frå barnehage til skule– informasjon om barnet.....	0
Kjelder – ressursar	0

STYRINGSDOKUMENTA SEIE..

Ulike retningslinjer for samarbeid mellom barnehage og skule finn ein her:

1. Rammeplan for barnehage kap. 5.1

«Barnehagen skal, i samarbeid med skolen, legg til rette for barns overgang fra barnehage til første klasse og eventuelt skolefritidsordning. Dette skal skje i nært samarbeid med barnets hjem. Planer for barns overgang fra barnehage til skole må være nedfelt i barnehagens årsplan.»

2. L-06 Kunnskapsløftet – Prinsipper for opplæring

«Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring skal medverke til å lette overgangen mellom dei ulike stega i opplæringsløpet.»

3. St.melding 16 «..og ingen stod igjen»

3.1.4 *«For at en skole skal kunne tilrettelegge opplæringen for elevene på best mulig måte fra første dag, er det viktig med god kommunikasjon mellom barnehage og skole. En god overgang fra hjem og barnehage til 1. klasse kan være bestemmende for skolegangen, for selvbildet og senere kompetanse. Kommunene må planlegge og legge til rette for gode overganger og tverretatlig samarbeid.»*

4. Læringsplakaten

Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinn og vidaregåande opplæring skal medverke til å lette overgangen mellom dei ulike stega i opplæringsløpet.

Fitjar kommune har også ein eigen rettleiar for «Korleis handtera ulike utfordringar i barn og unge sitt livsløp».



ÅRSJUL SAMARBEID BARNEHAGE – SKULE

HAUSTEN FØR SKULESTART			
Når	Aktivitet / Tiltak	Skjema	Ansvarleg
Aug/sept	Foreldresamtale med foreldre til barn med spesialpedagogisk hjelp § 19 a – h i Barnehagelova i samband med arbeid med IOP (individuell opplæringsplan)		PPT + barnehage
Aug/sept	Foreldremøte i barnehagen <ul style="list-style-type: none"> - Informera om samarbeid med skulen. Kva barnet skal delta på og når. - Språkutvikling - Korleis kan heimen bidra til ein god lese-/skrive-/skulestart - Evt generelt om 6 årings si utvikling 		Styrar i barnehage
September	Evalueringsmøte om overgangen barnehage – skule mellom pedagogane og førskulelærarane. Kva har fungert, kva har vore utfordrande? Skal ein gjere nokon grep? Kva ser ein av felles utfordringar?		Skulekontoret
Kvart 3.år (januar)	Forum/møte mellom pedagogar i barnehage og lærarar på 1. trinn. <ul style="list-style-type: none"> - Fokus på grunnleggjande ferdigheiter. Formålet er ei forståing på kva som ventar skulen av kunnskapar og dugleikar som førskulebarna har med seg frå barnehagen til skulen.		Skulekontor
Før 15.des	Skulen får informasjon om barn som har spesialpedagogisk hjelp jmf Barnehageloven § 19 a-h. (Skilje mellom omfattande behov og mindre behov frå barnehagen Barnehagelova § 19 a – h) Rapport og IOP-en til barnet vert oversendt skulen. NB hugs samtykkeskjema frå foreldre før oversending av informasjon. Ved omfattande tiltak bør dette vera vurdert tidlegare slik at ein får dette inn i budsjettet for hausten barnet skal byrje på skulen.	Skjema A: Løyve til overføring av informasjon mellom barnehage og skule	PPT og barnehage-styrar

VÅREN FØR SKULESTART			
Når	Aktivitet / Tiltak	Skjema	Ansvarleg
Våren – etter innskriving	5.åringen vitjar skulen ein gong etter oppsett plan. Treng ikkje vera i klasserom, men ein dag dei får sjå skulebygget, vera med i friminutt og gjerne ei songstund eller liknande med elevane. Hugs å invitere elevar som ikkje går i barnehagen.		Barnehage i samarbeid med skulen
Jan-feb	Overføringsmøte vedr §19 a barn. Her deltek skule for å få innsyn. Dersom dei treng spesiell tilrettelegging / hjelpemiddel / fagkompetanse må		PPT, styrar og skule

	<p>skulen koma inn tidlegare.</p> <p>Barn som åpenbart ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring (barn med t.d. multihandicap, utviklingshemming m.m.) vil ein få eit midlertidig vedtak jamfør § 5-7 i Opplæringslova slik at PPT kan lage ei ny sakkunnig vurdering gjeldande for skule.</p> <p>Barnehage og skule har kompetanseoverføringsmøter angående barn med omfattande behov for hjelp.</p>		Skulekontor
Mars	<p>Invitasjon til skulebesøk – vert sendt ut til alle barn som skal byrja på skulen. Innskriving av elevar.</p> <p>Personleg fram møte elev – foreldre / føresette.</p> <p>Bør ha dato for førskuledagane klar. Skriv litt informasjon om innhald denne dagen slik at ein førebur på kva som skal skje.</p> <p>Kopi av brevet sendast til skulekontoret som vidare sender det til barnehagane.</p>	Brev heim til kvart barn. Annonse i avis	Rektor / adm
Våren	Så snart som mogleg val av kontaktlærer for kommande skuleår. Bør vera valt før førskuledagen og før overføringsmøte.		Rektor / adm på skulane
Feb-mars	<p>Vedtak om §19 a - h i Barnehageloven for elevar med omfattande hjelp.</p> <p>Har vedtak ut kalenderår overførast frå bhg til skule.</p>		Pedagogisk leiar i samarbeid med føresette
Før overføringsmøte	Fyll ut skjema «Frå barnehage til skule – informasjon om barnet» i barnehage.		Ped.leiar
Mai	<p>Overføringsmøte på kvar skule. Kontaktlærer, ped.leiar, styrar, SFO leiar og rektor. Munnleg informasjon om kvart enkelt barn blir gitt til skulane.</p> <p>Evaluering av lokalt samarbeid.</p>		Styrar og rektor
Våren	<p>Innskriving i skulen</p> <p>Møte med føresette til barn som skal på skulen neste haust. Orienter om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forventningar skulen har til elevar og føresette <p>Viktig å hugse på dei barna som ikkje går i barnehage.</p>	Annonse i lokalavis	Rektor
Mai-juni	<p>Førskuledag for dei som skal byrja på skulen kommande haust.</p> <p>Innkalling bør sendast minimum 14 dagar i forkant.</p> <p>Informert skulekontoret med same skriv om føresette får, skulekontoret vidare sender det til barnehagane.</p>	Brev heim	Rektor
Mai - juni	Felles aktivitetsdag for førskulebarna. La dei få høve til å bli kjend med kvarandre. Hugs å invitere dei som ikkje er i barnehage, då med følgje. Barnehagane har samarbeid med Fitjar vgs skule som tek på seg å arrangere. Ein har eit møte kvar haust for å planleggje opplegget og høyre kva barnehagane ynskjer.		Barnehage, kommune og Fitjar vgs
Juni / august	Foreldremøte med føresette der rektor og kontaktlærer deltek. Informasjon om skulestart, læreplanar, arbeidsmåtar i skulen m.m.		Rektor, kontaktlærer

FØREBU BARNEHAGEBARNET PÅ SKULESTART

Barnehage er ein fase i livet der ein gjer barnet rusta til neste fase, skulestart. Her er meistring eit viktig omgrep.

Føresette og barnehagen må få god kunnskap om kva som vektleggjast når ein skal over i skulen. Førebuing er med på at barnet meistrar den nye kvardagen som ventar, og er ei viktig føresetnad for trivsel og trygghet.

Når ein er førskulebarn øver ein på...(men må ikkje kunne)	
Sjølvstende	<ul style="list-style-type: none"> - Presentere seg med namn og kor ein bur - Kle på og av seg sjølv, både kle og sko - Passa på tinga sine – rydde i eigne saker - Eta sjølv – handtera bestikk - Handvask / hygiene og kunna gå på do sjølv
Sosial kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> - Ta og halde kontakt med andre på ein positiv måte - Kunne utsetja eigne behov – venta på tur - Uttrykka kjensler og hevda eigne synspunkt på ein god måte - Ta omsyn og vise omsorg - Lære/retta seg etter leikeregler / kodar - Takla konflikhtar
Konsentrasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Ta imot kollektive beskjedar - Sjå og lytt på den som snakke - Omsetje beskjedar til handling - Kunne sitja i ro i ei viss tid - Starte – gjennomføra – avslutta ei oppgåve
Språk	<ul style="list-style-type: none"> - Godt munnleg språk - Fortelje / gjera seg forstått med ord - Leika med ord: rim, rytme, regler, orddeling... - Lytta til og gjenfortelja frå høgtlesing - Omgrep: først / sist, oppe / nede, over / under - Bokstavar
Førebuaende skrivning	<ul style="list-style-type: none"> - Halde blyanten rett, pinsettgrepet - Rett lese- og skriveretning - Skriva namnet sitt
Tal – rom – form	<ul style="list-style-type: none"> - Talomgrep 1 – 10 - – første, andre, tredje - Tidsomgrep: i dag, i går, imorgen, før/etterpå - Form: størst / minst, sirkel, kvadrat, trekant - Fargar - Orientera seg i retning



VERA ELEV OG IKKJE BARNEHAGEBARN

Barna skal kjenne tryggleik når dei byrjar på skulen. Dei skal oppleve samanheng og utvikling frå det siste året i barnehagen til det fyste året på skulen.

Å vera yngst og ny i skulen inneber at ein...	<ul style="list-style-type: none"> - Vert møtt og sett av dei vaksne kvar dag - Får tildelt ein fadder - Får tid til å bli kjend med rutinar - Får rettleiing i arbeidet - Får tid til lek inne og ute
Sosial kompetanse Elevane øve seg på..	<ul style="list-style-type: none"> - Ta kontakt med andre på ein positiv måte - Vera ein del av eit fellesskap - Ta omsyn og syna omsorg - Samhandla med andre menneske - Læra seg å handtera kjensler - Hevda eigne synspunkt og å akseptera andre sine - Opptre for publikum og sjølve vera publikum
Konsentrasjon Elevane øve seg på..	<ul style="list-style-type: none"> - ta imot beskjed - Sitja i ro i ei viss tid - Starta – gjennomføra – avslutte ei oppgåve - Venta på tur - Kunne regelleikar - Godta uskrivne regler i lek - Kunne lytta til og visa interesse for det andre fortel
Språk og kommunikasjon Elevane får auka kompetanse ved å..	<ul style="list-style-type: none"> - Uttrykkja seg munnleg - Arbeide med rim, regler og rytme - Bruka tid på å lytta til lydar: først, sist og midt i ord - Arbeida med stavingar i orda - Læra lydane i alfabetet - Bli visuelt stimulert av skrift i omgjevnadene - Øve / gradvis ta skriftspråket i bruk og læra å lesa
Tal, rom, form Elevane skal...	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeida med dagar, månader og årstider - Kunne sitt full namn - Vita når fødselsdagen er - Kunne adressa si - Arbeide vidare med former (rektangel, kule, kjegle..) - Arbeide med tal og mengder, og etter kvart addera og subtrahera.



BARN MED SÆRLEGE BEHOV

Skriftleg dokumentasjon om enkeltbarn må overførast når det er sett i gang særskilde tiltak i barnehagen, eller når ein ser at det vil vera naudsynt å leggja skulekvardagen til rette for å setta behovet til barnet.

Det er avgjerande at skule / SFO får informasjon så tidleg som mogleg, slik at tilrettelegginga kan planleggjast i lag med foreldre, skule og alle andre involverte partar.

Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn sjå side 8.

NÅR	KVA	ANSVAR
	Skulesjefen får melding om barn med svært store hjelpebehov minimum 2 år før skulestart	Styrrar
	Ansvar for elevmapper i private barnehagar og skular	Rådgjevar kommunenivå
	Skulen deltek på ansvarsgruppemøte siste år før skulestart for barn med omfattande behov.	Helsestasjon
Innan 1.mars	Overgangsmøte mellom barnehage og skule for å avklara: <ul style="list-style-type: none"> - Barnet sine styrkar og vanskar, jf IOP. - Målnivå - Behov for tilrettelegging, ev. organisering - Skriftleg dokumentasjon som skal følgje barnet over i skulen 	Styrrar
	Deltakrar: Foreldre, representantar frå barnehage og skule	Rektor
	Elevar med spesielle utfordringar må sikrast god oppfølging i starten av skuleåret. Foreldre og skule, eventuelt i samråd med PPT og barnehage, vurderer om eleven har behov for ekstra tilrettelegging i samband med skulestart.	
Mars / April	Innskriving på skulen Rektor, ev. lærar, har individuelle samtalar med føresette ved behov	Rektor
Før overføringsmøte i mai månad	Skjema «Informasjon om barnet»; klargjering av barnets styrker og behov. Dette er grunnlaget for skulen sitt arbeid med IOP. Informasjon til skule.	Styrrar
	Overføring av elevmapper frå barnehage til skule. Beskjed til arkiv og rektor.	Styrrar
	Overføring av elevmapper – private barnehagar og skule Beskjed til arkiv / informasjon til rektor	Rådgjevar kommunenivå

<p>Våren året før barnet begynner på skulen</p>	<p>Skulen får melding / informasjon om barn med særskilde behov skal byrje på skulen året etter. Det vil vera overgangsmøte med foreldre, barnehage, skule, helsestasjonen og PPT. I møte vil skulen få informasjon slik at dei kan gje eit godt pedagogisk tilbod.</p> <p>Barnehagen / Skulekontor bed PPT om sakkunnig vurdering (utgreiing og tilråding) dersom spesialundervisning skal vurderast ved omfattande behov.</p>	<p>Styrar / skulekontor</p>
	<p>Skulekontoret gjer eit midlertidig enkeltvedtak frå august til desember det året barnet byrjar på skulen. Vedtaket er gjeldande for hausten slik at PPT får laga ei ny sakkunnig vurdering, jamfør Rettleiar for spesialundervisning frå Utdanningsdirektoratet.</p> <p>Skulen gjer vedtak om spesialundervisning. Skulen utarbeidar IOP dersom eleven skal ha spesialundervisning. Dersom det er tenleg kan spesialpedagog frå barnehagen vera med på utarbeid av IOP for skulen jr midlertidig enkeltvedtak.</p>	<p>Skulekontor / Rektor</p>



BARN MED MINORITETSSPRÅKLEG BAKGRUNN

For barn med minoritetsspråkleg bakgrunn kan skulestart by på særlege utfordringar. Det kan vera behov for ekstra støtte og rettleiing både for barn og foreldre. Nokre barn vil ha behov for spesiell tilrettelegging når det gjeld språk. Tolketenesta kan vera til god nytte i overgang barnehage – skule. Se eiga rettleiing for Fitjar kommune for tolketenester.

Barnehagen skal ta ei språkkartlegging t.d TRAS. Informasjon frå observasjonar skal fyllast inn i skjema B og skjema som gjeld barn med fleirspråkleg bakgrunn. Skulen kartlegg elevane i 1.klasse, og ev. gjer vedtak om særskild språkopplæring, jf. Opplæringslova § 2-8.

BARNEHAGE:.....

Namn på barnet:	Født:	Kjønn:
Nasjonalitet:	Tal år i Noreg	Tal år i barnehage
Mor:	Far:	
Språk til mor:	Språk til far:	
Skulegang / yrke frå heimlandet	Skulegang / yrke frå heimlandet	
Kva språk brukar foreldra i samtale med barnet?		
Kva språk brukar barnet i samtale med foreldra?		
Har barnet søsken eller andre som kan snakka norsk?		
Om barnet – informasjon ut frå observasjon / kartlegging		
Norskkunnskap		
Veremåte, jf. skjema B		
Foreldrevurdering av barnet sitt språk		

1.språk (barnet sitt morsmål)				2.språk (norsk)			
Flytande	Godt	Litt	Ingenting	Flytande	Godt	Litt	Ingenting
Kommentar:				Kommentar:			
Det vert tilrådd tolk ved samtale med foreldra (set kryss)				JA <input type="checkbox"/> NEI <input type="checkbox"/>			
Andre opplysningar:							
Foreldre godkjenner at informasjon vert overført frå barnehage til skulen							
Dato				Underskrift føresette			
Dato				Underskrift ped.leiar			
Dato				Underskrift styrar			

SAMARBEID MED HEIMEN

Barnehagen skal:

- Gje foreldre informasjon om opplegg dei har med skulen
- Gje foreldre informasjon om kva som er særleg viktig det siste året før skulestart. Det gjeld m.a gode rutinar og trening på sjølvstende. Kan heim og skule/barnehage «dra lasset» i same retning vil dette styrkja barnet til skulestart.
- Innhenta skriftleg løyve til overføring av informasjon mellom barnehage og skule, jf. skjema A. Barnehagen skal i samarbeid med foreldre fylla ut skjema B.

Barnehage og skule:

- Må ha ein god dialog med foreldre om samanheng og overgang frå barnehage til skule. Trygge og nøgde foreldre «smittar» over på barnet.
- Skal ha overføringsamtale i mai / juni. Målet med samtalen er at skulen skal bli litt kjent med barnet som skal byrja i 1.klasse.

Fleirspråkleg bakgrunn

For foreldre som ikkje har røynsle med norsk skule, kan det vera ekstra viktig med god informasjon om overgang frå barnehage til skule.

Eit godt samarbeid, helst før barnet byrjar på skulen, kan bidra til at overgangen vert god både for barn og foreldre.

Ta gjerne i bruk tolktenesta, les meir om nytting av tolk i Fitjar kommune si rettleiing for nytte av tolk.

Vi har lykkast når barnehage og skule har eit godt system som sikrar ein god overgang for alle barn, slik at dei og foreldra føler seg trygge og ivaretekne i den nye skulekvardagen.

fub/fug



Skjema B KONFIDENSIELT

FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE – INFORMASJON OM BARNET

PERSONOPPLYSNINGAR			
Namn på barn		Fødselsdato	
Foreldre / føresette		Søsken	
Adresse		Telefon	
Anna			
Barn med særlege behov	Barn med IOP	<input type="checkbox"/>	
	Minoritetsspråklege barn	<input type="checkbox"/>	
	Barn med særskilde behov utan IOP (t.d.hjelpemiddel/sjukdom)	<input type="checkbox"/>	
Kort om kva det gjeld			

VEREMÅTE		
Sjølvtende	Aldersadekvat (set kryss)	Utfyllande informasjon
Presentere seg med namn og kor ein bur		
Kle på og av seg sjølv, både kle og sko		
Passa på tinga sine – rydde i egne saker		
Handvask / hygiene og kunna gå på do sjølv		
Eta sjølv – handtera bestikk		
Sosial kompetanse		
Ta og halde kontakt med andre på ein positiv måte		
Kunne utsetja egne behov – venta på tur		
Uttrykka kjensler og hevda egne synspunkt på ein god måte		
Ta omsyn og vise omsorg		
Lære/retta seg etter leikeregler / kodar		
Takla konflikhtar		
Konsentrasjon		
Ta imot kollektive beskjedar		
Sjå og lytt på den som snakke		
Omsetje beskjedar til handling		
Kunne sitja i ro i ei viss tid		
Starte – gjennomføra – avslutta ei oppgåve		
Språk		
Godt munnleg språk		
Fortelje / gjera seg forstått med ord		
Leika med ord: rim, rytme, regler, orddeling...		
Lytta til og gjenfortelja frå høgtlesing		
Omgrep: først / sist, oppe / nede, over / under		
Bokstavar		

Førebuaende skrivning		
Halde blyanten rett, pinsettgrepet		
Rett lese- og skriveretning		
Skriva namnet sitt		
Tal – rom – form		
Talogram 1 – 10 - – første, andre, tredje		
Tidsogram: i dag, i går, imorgen, før/etterpå		
Form: størst / minst, sirkel, kvadrat, trekant		
Fargar		
Orientera seg i retning		
VEREMÅTE		
Venskap / samvær med andre barn		
Interesser		
Sterke sider		

Trequ meir støtte til..		
Namn på barnehage		Løyve til overføring av informasjon mellom barnehage og skule I følgje Lov om barnehager skal barnehagen ha samarbeid med skulen. Samarbeidet er naudsynt for å skapa kontinuitet i oppveksten til barna. 1.klasse er eit framhald av arbeidet som barnehagen har hatt med og for barna. Det skal vera samanheng mellom verdiar og haldningar som vert formidla. Tilsette i barnehagen har god kjennskap til barna og deira behov på ulike område. Det er viktig at denne kunnskapen vert ført vidare til den skulen barnet skal gå på. Tilsette i barnehagen har teieplikt. I tillegg til personalopplysningar vil det vera informasjon om: <ul style="list-style-type: none"> - Familiehøve og nettverk - Vennskap / samvær med andre barn - Interesser - Åtferd - Tryggleik - Sjølvstende - Språk - Sterke sider - Særskilde behov – tilrettelegging
Skjema utfylt av		
Vedlegg		
Merknader til overføring av informasjon:		

Dato:.....

.....

.....

.....

Underskrift føresette

Underskrift føresette

Underskrift barnehage

KJELDER – RESSURSAR

UDIR	Frå eldst til yngst Rammeplane for barnehager Språk i barnehagen – mykje meir enn berre prat Språk og språkmiljø – Refleksjonsverktøy for barnehagen Språkleg og kulturelt mangfald Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole for barn med flerspråklig bakgrunn Leseutvikling – et samarbeidsprosjekt Mino – læremidler for språklige minoriteter Prinsipp for opplæring i skolen Læreplanverket
Regjeringen.no	St.mld 16 «...og ingen stod igjen...»
NAFO	Barn i fleirspråklege familiar – informasjonshefte
Minoritetsspråklege	<ul style="list-style-type: none"> - Tolketeneste - Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi)
fub – Foreldreutvalget for barnehager fug – Foreldreutvalget for grunnopplæringen Utdanningsforbundet	Med spent forventning... Sjekkliste for ein god barnehageslutt og ein god skulestart
Kvinnherad kommune	Klar til skulestart – plan for overgang barnehage – skule
Fitjar kommune	Frå eldst til yngst – plan for overgang barnehage - skule
Sunnadal kommune	Rutiner for overgang fra barnehage til skole

Tips til nyttige hefter:

- God skulestart , Pedlex
- Snart førsteklassing – med sosial kompetanse i ranselen, Læringsmiljøsentret